

VESTNES SENIORAKADEMI
ÅRSMELDING FOR DRIFTSÅRET 01.07.24 TIL 30.06.25

Organisasjon:

Styreleiar: Gitte Vinther

Nestleiar: Kari Opstad

(har også vore ansvarleg for heimeside, facebookside, i Vestnes, og ansvarleg for datakurs/-rettleiing)

Styremedlemmer: Oddvar Skjegstad, kasserar (programkomite)

Nils Øvstedal (programkomite)

Roald Fiksdal (programkomite)

Randi Margrete Braute Sylte (programkomite)

Håvard Siem (leiar i programkomiten)

Valkomite: Stig Holmstrøm (leiar), Magne Heggen, Elsa Rypdal

Revisor: - Odd Jarle Talberg

Rigge-/ryddegruppe: Siv Lindheim Eikrem, Knut Hellen, samt frivillige medlemmer

Det var 104 betalande medlemmer i driftsåret.

Verksemd i driftsåret haust 2024 – vår 2025

I tillegg til dei funksjonar som er nemnd ovanfor, har heile styret tatt del ulike praktiske gjeremål.

Det er halde 6 styremøte i perioden.

FOREDRAG I DRIFTSÅRET

4. september: **Liv Dysthe Sønderland**, billedkunstner:
«Going Grey» – et kunstprosjekt.

2. oktober: **Hans Georg Schåtun**, professor ved NTNU i Ålesund.
«Menneske som slutter å tenke – og litt om maskiner som tenker i staden.»
6. november: **Jan Emblemsvåg**, professor ved NTNU i Ålesund.
«Kjernekraft for berekraft.»
15. januar: «Bonusforedrag», **Yama Wolasmal**.
NRK-utenrikskorrespondent i Midt-Østen
«Menneske bak tallene.»
5. februar: **Bjørn Ringstad**, arkeolog, tidl. Fylkeskonservator.
«De første vesnesingene – spor etter bosetting i forhistorisk tid.»
5. mars: **Jørgen Vik**, psykologspesialist.
«Vår sosiale hjerne»
7. mai: **Hans Petter Iversen**, førsteamanuensis emeritus ved Høgskolen i Molde. **«Aldring – utstøtt og deklassert, eller inkludert og verdifull.»**

Foredraga har vore annonsert i lokalaviser, i kommunen sin kulturkalender og i kulturkalenderen til Vestnesavisa og Bygdebladet. Det har også vore skrive pressemeldingar til lokalavisene samt at plakatar har vore opphengt i bygdelaga. Elles har vi nytta heimesida vår og Facebook som informasjonskanal.

ØKONOMI

Vestnes Seniorakademi har styrka økonomien i driftsåret 1.7.2024-30.6.2025. Den økonomiske situasjonen til Vestnes Seniorakademi framgår av rekneskapen.

Hovedinntektskjelda i driftsåret var medlemskontingent og sal av enkeltbilletter til foredraga. Tilskotsmidlar utbetalt i perioden, gir også ei god og nødvendig inntekt for å oppretthalde aktiviteten. I driftsåret har vi mottatt utbetaling frå Sparebanken Møre, Sparebank 1 Midt-Norge, Gassror. I tillegg har vi i driftsåret mottatt tilsegn frå Vestnes Kommune, som er utbetalt i juli 2025.

Tine Meieri i Tresfjord har heilt frå starten i 2015 støtta oss med ein heil Ridderost til kvart møte, noko både styret og foredragshaldarane set stor pris på.

DIGITAL OPPLÆRING I DRIFTSÅRET

Datakurs: Det har ikkje vore tilbydd datakurs inneverande driftsår, då vi ville satse på vidareføring av allereie løpande dataveiledning 2 timar annakvar veke som starta opp våren -23.

Dataveiledning: Det har vore løpande tilbod om gratis dataveiledning som gratis «drop-in»-tilbod ved Vestnes bibliotek, 2 timar tirsdag i oddetalsveke. Den som ønska veiledning kunne møte utan timebestilling eller påmelding. Den enkelte hadde med eiga digitale eining til bruk i veiledninga. Tilbodet har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Vestnes Seniorakademi og Vestnes kommune. Vestnes kommune har stilt med møterom og datautstyr ved biblioteket. Vestnes seniorakademi (VSA) har stilt med 2 veiledarar per økt ut frå ei veiledargruppe på 13 -14 frivillige som møter ut frå rullerande plan. Tilbodet har vore annonsert både i media, nettsider og som plakatar rundt om i kommunen. Med ei nokre unntak har det til tider vore kun 1-2 personar som har møtt for veiledning, - og enkelte gongar har det ikkje møtt nokon. Tilsette på biblioteket opplyser at dei stadig har nokon innom som etterspør dataveiledninga og at dei gir info om neste tidspunkta for veiledninga. Dataveiledninga i noverande form vart vedteke å avsluttast i mai -25 ettersom få nytta seg av tilbodet. VSA takker alle som so langt har stilt som veilederar og håper mange kan fortsette som veiledarar om det vert oppstart av nye datakurs eller dataveiledning i ei eller anna form.

VSA har i samarbeidsmøte med Vestnes kommune, frivillige lag og organsisasjonar, i mai orientert om stans av dataveiledninga, samt delt ut kartleggingsskjema med spørsmål om ønske/ behov for evt vidare tilbod om digital opplæring. Dei 4 lokale pensjonistlaga vil gå gjennom kartleggingsskjemaet på neste møte og be om at medlemmane svarar på kartlegginga. VSA avventar konklusjon om evt nye opplæringstilbod til vi har motteke tilbakemelding frå alle pensjonistlaga.
